



Sæbø skule
Rolf Sandstad

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/1332 - 15/7962

Saksbehandlar:
Sveinung Kvamme
sveinung.kvamme@radoy.kommune.no

Dato:
03.07.2015

Idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning hinderløype Sæbø skule

Vi viser til innsendt søknad om idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning av hinderløype ved Sæbø skule.

Hinderløypa består av aktivitetsstasjonar der ein utnyttar eksisterande tre til forankring, og fører ikkje til krav om byggt teknisk godkjenning. Tiltaket er i samsvar med planføre målet i området. Dette er drøfta med teknisk forvaltning i Radøy kommune.

Anlegget er førebels ikkje teke inn i kommunal plan for idrett og fysisk aktivitet, men dette vil bli gjort i løpet av hausten, i samband med rullering av anleggsplanen.

På grunnlag av innsendt dokumentasjon, får anlegget såleis idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning.

Anlegget er tildelt anleggsnummer 1260000306 i idrettsanseggsregisteret. Søknad om spelemidlar skal gjerast på søknadsskjema på nettstaden idrettsanlegg.no.

Med helsing

Sveinung Kvamme
Økonomisjef

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Mottakarar:
Sæbø skule